



Meland kommune er ein del av Nordhordlandsregionen og nabokommune til Bergen. Kommunen opplever sterk folkevekst og har eit innbyggjartal på ca. 7.800. Det er god kollektivtransport til/frå Bergen med hurtigbåt eller ekspressbuss, og reisetida frå Bergen til kommunesenteret Frekhaug er under 1/2 time.

For å løyse og utvikle alle dei ulike oppgåvene kommune er tillagt treng vi engasjerte og kompetente medarbeidarar - som vil oppleve at arbeidsoppgåvene og bidraget deira er meningsfylt og del av eit viktig samfunnsoppdrag. Meland kommune har ei verdimeisig forankring som kjem til uttrykk gjennom visjonen vår "Eit samfunn for alle".

Messingpedagog - 12% vikariat

Stillingsinformasjon

Frå 24.02.2017 til og med 31.06.2017 er det ledig 12% vikariat som messingpedagog ved Meland aktiv og/eller ein av grunnskulane i Meland.

Spanande arbeidsoppgåver med motiverte elevar i aldersgruppa 7 - 18 år i eit kollegium med høg kompetanse.

Arbeidsoppgåver

Ansvar for planlegging og gjennomføring av undervisning og konsertar på messinginstrumenta kornett, eufonium og tuba.

Kvalifikasjonskrav

Musikkpedagogisk utdanning. Personar utan formell kompetanse kan og søkje.

Vi tilbyr

Løn etter gjeldande tariffavtale.

God pensjonsordning.

Søknad skal sendast

Søknad skal sendast via vårt elektroniske søknadssystem.

Rettkjende kopiar av vitnemål og attestar skal takast med ved eventuelt intervju.

Generell informasjon

Godkjend politiattest som ikkje er eldre enn tre månader må framvisast ved tilsetting og seinast før arbeidstakar byrjar i stillinga.

Søknadsfrist 09.02.2017

Utlyst dato 17.01.2017

Vårref

630/17

Kontaktperson

Camilla Søderstrøm Tveit, Kulturskulerektor, tlf: 56171064, camilla.soderstrom.tveit@meland.kommune.no